

Olav Birkeland Bergsvik
Vassbygdvegen 279
5912 Seim

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/4210 - 23/5106

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
19.01.2023

Endring av vegklasse. Tilkomstveg til tunet på gbnr. 182/3 Gausereid

Administrativt vedtak: Saknr: 075/23

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar godkjenner Alver kommune at vegen med tanke på stigning skal byggjast i samsvar med krava til vegklasse 5 i «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse».

Ved enden av vegen (ved tunet) godkjenner kommunen at det vert etablert ein oppstillingsplass for bilar.

Elles gjeld vedtaket av 18.08.2022 med tilhøyrande vilkår.

Saka gjeld

18.08.22 fekk Olav Birkeland Bergsvik godkjent oppgradering av tilkomstvegen til tunet på gnr. 182, bnr. 3 Gausereid til vegklasse 3. I samband med detaljplanlegging syner det seg at det er uråd å stette krava til stigning på delar av vegstrekningen.

VURDERING:

Vegen skal gå i særslig bratt terren – sjå fig. 1. Det er for delar av vegane legget uråd å stette krava til stigning i vegklasse 3 som vegen vart godkjent som. Krava for vegklasse 3 inneber at stigninga ikkje må overstige 10%, men der ein over kortare strekning (60m) kan godkjenne stigning opp til 12%. Detaljprosjekteringen syner at vegen får ei stigning på 14%, men der eit stuttare parti vil kome opp i 15,8% stigning. Krava til stigning i vegklasse 5 er at den skal vere under 20%. Vegen skal nyttast til personbilar opp til tunet. Ved enden av vegen skal det opparbeidast ein oppstillingsplass for bilane. Dette vart gløymt teke med i førra vedtak.

Det er etter kommunen sitt syn kurant å endre vegklassen slik at ein får ei stigning tilpassa denne. Dette då vegen ikkje skal nyttast til tømmertransport, men som tilkomst til tunet (bilveg).



Fig. 1. Særleg i dette partiet (lengst bort frå fotografen) er det uråd å stette krava til stigning for vegkasse 3. Det er ikkje høve til å redusere stigninga i dette området og det er særskilt bratt ned mot høgre heile vegen opp der vegen er synleg i biletet. Å gå inn i fjellet til høgre, vil gje store skjeringar.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/4210»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Olav Birkeland Bergsvik

Vassbygdvegen 279

5912 Seim